



Utdanningsforbundet - Benedicte S. Meyer

Dato: 01.06.2015

Vår ref.: 2014/10030-37

Saksbehandlar: sveheg1

Dykkar ref.:

Nedlegging av skular i Bergen

Viser til udatert brev frå Turid Strømmen og Arild Ingvaldsen motteke 21.05.2015.

Fylkesrådmannen legg ikkje fram ei sak om struktur og dimensjonering av studiespesialisering i Stor-Bergen til fylkestinget i juni. Fylkesdirektør for opplæring finn det difor ikkje rett å vurdere argument for eller mot ein bestemt struktur eller kapasitet. Det er rett at fylkesdirektøren i møte med skulane har vist til samla overkapasitet og peikt på korleis ein kan ta ned denne kapasiteten. Så lenge fylkesrådmannen ikkje har godkjent ei sak, er det uheldig å framstille informasjon som er gitt enten munnleg eller i ein biletpresentasjon som sakspapir. Fylkesrådmannen har ikkje fått seg førelagt sakspapir.

Overkapasitet handlar både om skular som har plass til fleire elevar og klassar som ikkje har det elevtalet som er lagt til grunn. Det er grunn til å vere uroa over at Hordaland fylkeskommune brukar ein større del av budsjettet på struktur enn dei fleste andre fylkeskommunar. Å legge ned ein skule er i seg sjølv ikkje noko svar på denne utfordringa, men samla sett står vi overfor valet mellom å bruke pengar på undervisninga til elevane eller på skulestrukturen. Når skulebruksplanen siktar mot ein framtidsretta skulestruktur, er dette valet heilt sentralt, og vi ser at mange fylke no står overfor den same problemstillinga.

Spørsmålet om korleis personalsituasjonen skal handterast ved strukturendringar, er viktig. Ved politisk behandling av skulebruksplanen 2012-2013 vart det ikkje sagt så mykje om dette spørsmålet i sjølve saka eller vedtaket. Fylkesrådmannen la den gongen opp til at personalutfordringar skulle følgjast opp gjennom eit fleirårig prosjekt. Dette arbeidet pågår for fullt. På bakgrunn av dei erfaringar vi har gjort etter vedtaka i skulebruksplanen, er det truleg fornuftig å skrive noko om prinsippa som gjeld neste gong det blir lagt fram ei struktursak.

Fylkesrådmannen vil i samarbeid med opplæringsavdelinga, organisasjons- og økonomiavdelinga, hovudtillitsvalde, omstillingstillitsvald, HMT og hovudverneombod leggje stor vekt på at arbeid med endringar i skulestruktur tek omsyn til alle involverte partar.

Med helsing

Svein Heggenheim
fylkesdirektør opplæring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift